



## Møtebok

---

**Utval:** Fjordane interkommunalt politisk råd  
**Møtestad:** Digitalt  
**Dato:** 04.11.2024  
**Tid:** Kl. 10:00 - 12:00

---

### Følgjande medlem møtte

Anne Kristin Førde  
Bengt Solheim-Olsen  
Gunn Åmdal Mongstad  
Jenny Følling  
Leif Jarle Espedal  
Ole André Klausen  
Petter Sortland  
Judith Margrete Kvåle

### Parti

AP

### Forfall

Arnar Kvernevik  
Kjell Eide  
Per Kjøllesdal

### Parti

### Varamedlem

Jan Ove Rygg

Sonja Øvre-Flo

### Parti

Møteleiar: Jenny Følling

## **Sakliste**

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
24/049	Godkjenning av innkalling og sakliste
24/050	Godkjenning av møteprotokoll
24/051	Referatsaker
24/052	Orienteringssaker 04.11.24
24/053	Skjønnsmidlar 2025
24/054	Avvikling av Kystrådet
24/055	Aktivitet- og handlingsplan 2025
24/056	Innspeil til budsjett 2025
24/057	Cruisetillegg i merkeordninga



Arkiv: FE-033  
JournalpostID: 24/38854  
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland  
Hatlenes  
Dato: 23.09.2024

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/049	Fjordane interkommunalt politisk råd	04.11.2024

### Godkjenning av innkalling og sakliste

**Leiar si tilråding:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### Fjordane interkommunalt politisk råd 04.11.2024:

**Handsaming:**

**FIPR- 24/049 Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Arkiv: FE-033  
JournalpostID: 24/38853  
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland  
Hatlenes  
Dato: 23.09.2024

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/050	Fjordane interkommunalt politisk råd	04.11.2024

### Godkjenning av møteprotokoll

**Leiar si tilråding:**

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

**Vedlegg i saka:**

11.09.2024      Protokoll - Fjordane IPR - 09.09.2024      1700203

### Fjordane interkommunalt politisk råd 04.11.2024:

**Handsaming:**

**FIPR- 24/050 Vedtak:**

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.



**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 24/38855  
**Saksbehandlar:** Elisabeth Birkeland  
Hatlenes  
**Dato:** 23.09.2024

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/051	Fjordane interkommunalt politisk råd	04.11.2024

### Referatsaker

**Leiar si tilråding:**

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

**Underliggende saker:**

1, Intensjonsbrev- etablering av kunnskapssenter for berekraftig reiseliv

**Fjordane interkommunalt politisk råd 04.11.2024:**

**Handsaming:**

**FIPR- 24/051 Vedtak:**

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.



**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 24/42579  
**Saksbehandlar:** Elisabeth Birkeland  
Hatlenes  
**Dato:** 23.10.2024

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/052	Fjordane interkommunalt politisk råd	04.11.2024

### Orienteringssaker 04.11.24

1. Status og framdrift «Kraftsystemanalysen» - Invest in Fjordane v/ Ørjan Stubhaug
2. Orienteringar frå leiar v/ Jenny Følling
3. Orienteringar frå kommunedirektørane v/ Anders Skipenes
4. Økonomirapportering v/ Elisabeth Hatlenes

#### Leiar sitt framlegg til vedtak:

Orienteringssakene vert tatt til vitande.

#### Fjordane interkommunalt politisk råd 04.11.2024:

#### Handsaming:

#### FIPR- 24/052 Vedtak:

Orienteringssakene vert tatt til vitande.



**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 24/42847  
**Saksbehandlar:** Elisabeth Birkeland  
Hatlenes  
**Dato:** 24.10.2024

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/053	Fjordane interkommunalt politisk råd	04.11.2024

### Skjønnsmidlar 2025

#### Bakgrunn for saka:

Statsforvaltar inviterer kommunar til å søkje prosjektmidlar til fornying og innovasjon for 2025. Formålet er å gje kommunane støtte til å prøve ut nye løysingar for å gjere tenestene betre for innbyggjarane og stimulere kommunane til å arbeid med fornying og innovasjon. Søknadsfristen er 1. november 2024.

Arbeidsutvalet har gått gjennom og kome med innspel til prosjekta som er utarbeidd. For å nå innsending er desse sendt inn med eit atterhald om å trekkje søknadane dersom rådet ikkje ønskjer å prioritere desse prosjekta.

#### Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Rådet ønskjer å støtte opp under prosjektsøknad knytt forstudien «kommunen si rolle som reiselivsutviklar»
2. Rådet ønskjer å støtte opp under prosjektsøknad knytt forstudien «Samarbeid om brann og redning i Fjordane»
3. Rådet ønskjer å støtte opp under prosjektsøknaden knytt til forprosjekt «Kraftløft for Fjordane»

Rådet blir bedt om å prioritere prosjekta.

#### Fjordane interkommunalt politisk råd 04.11.2024:

#### Handsaming:

#### FIPR- 24/053 Vedtak:

1. Rådet ønskjer å støtte opp under prosjektsøknad knytt forstudien «kommunen si rolle som reiselivsutviklar»

2. Rådet ønskjer å støtte opp under prosjektsøknad knytt forstudien «Samarbeid om brann og redning i Fjordane»
3. Rådet ønskjer å støtte opp under prosjektsøknaden knytt til forprosjekt «Kraftløft for Fjordane»
4. Prioritert rekkefølge er "Kraftløft for Fjordane", "Kommunen si rolle som reiselivsutviklar" og "samarbeid om brann og redning i Fjordane".

### **Saksopplysningar:**

Statsforvaltar har sendt ut brev til kommunane og inviterer til å søkje på midlar knytt til skjønnsmidlar. Det er satt 15 millionar for 2025 og i 2024 vart det fordelt 13,25 millionar til prosjektskjønn. Lenkje til statsforvaltaren sin invitasjon: [Skjønnsmidlar til fornying og innovasjon for 2025 | Statsforvaltaren i Vestland](#)

Retningslinjene legg til grunn at kommunane skal kunne prøve ut nye løysingar for å gjere tenestene betre for innbyggjarane og få fram tiltak som kan gi gunnlag for effektivisering og innsparing. Det kan bli gitt tilskot til prosjekt med føremål om å opprette nye interkommunale samarbeid, dersom samarbeidet kan bidra til meir føremålstenleg oppgåveløysing. Dette kan vere særleg relevant i område som kommunane har store utfordringar, t.d. innafor barnevern, vikarordningar i helsetenester m.m. Kommunane må syne til ein gjennomtenkt og realistisk prosjektplan og gjere greie for utfordringane sine. Det må bli vist til klare målsetjingar og det kommunen ønskjer å oppnå med prosjektet. Det er ønskeleg om det kan bli vist til verkemiddel eller løysingar som skal bli prøvd ut i prosjektet.

### **Aktuelle føremål i 2025**

Statsforvaltaren ønskjer å stimulere kommunane til prosessar innan og mellom kommunar for å kunne utvikle tenestetilbodet, bruke ny teknologi og få betre økonomi i drifta. Vi vil understreke at vi prioriterer å støtte samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gi betre læringseffekt. Vi vil vidareføre dei same søknadsføremåla for 2025 som i 2024.

I invitasjonen vert dei interkommunale politiske råda invitert til å uttale seg til søknadene, ber vi om å få brev med fråsegn innan fredag 8. november. Råda avgjer sjølve om dei vil kome med framlegg til prioritering mellom søknader i brevet eller berre uttale seg generelt.

KS vil få høve til å uttale seg om søknadene i møte med Statsforvaltaren. Dei interkommunale politiske råda og KS kan innhente informasjon om søknadene frå kommunane og/eller hente informasjon frå den nemnde portalen. Generell informasjon om skjøns

### **Kort om våre prosjektsøknadar**

Det er utarbeidd 3 prosjektsøknadar som kan høve under statsforvaltaren sin pott om prosjektskjønn. Prosjektmandata vil bli gjennomgått i rådsmøte.

### **Forprosjekt «Kraftløft for Fjordane»**

I mars 2024 vart kraftstrategi satt høgt på prioriteringslista og arbeidet med å få ei kraftanalyse vil vere klar mot slutten av årskifte 2024. Kraftanalysen er eit samarbeidsprosjekt med Invest in Fjordane og den vil gje råd om kva som må arbeidast med for å lukkast med å nok kraft til regionen. Regionrådet har saman med Invest in Fjordane utarbeidd eit forprosjekt som skal peike ut nokre hovudaktivitetar knytt til det vidare arbeidet.



### **Forstudie «kommunen si rolle som reiselivsutviklar»**

På rådsmøte den 9. september vart det lagt opp til ei overordna orientering om reiseliv. Rådsmøte ba om at det blir utarbeidd ei sak om reiseliv. I den samanheng er det utarbeidd eit prosjektmandat knytt til reiseliv som skal kunne danne kunnskapsgrunnlag samla for regionen.

Hovudformålet med forstudien er å klargjere dei ulike rollene innanfor reiseliv og følgje opp satsingar som besøksforvaltning og merke for berekraftig reisemål. Målet er at forstudien skal danne ei oversikt på kva som vil vere den strategiske og framtidsretta arbeidsmetodikken knytt til kommunen si rolle som reiselivsutviklar.

### **Forstudie «samarbeid om brann og redning i Fjordane»**

Denne hausten har kommunedirektørane drøfta utfordringar innan tenesteområdet knytt til brann og redning. Det blir løfta opp ulike problemstillingar som ein ønskjer at ein ekstern aktør bidreg til eit kunnskapsanalyse for kva som kan vere tenleg samarbeidsområde.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Bruk av internressursar og fondsmidlar.



Arkiv: FE-033  
 JournalpostID: 24/42599  
 Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland  
 Hatlenes  
 Dato: 23.10.2024

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/054	Fjordane interkommunalt politisk råd	04.11.2024

### Avvikling av Kystrådet

#### Bakgrunn for saka:

Medlemmane frå tidlegare Kystrådet har gjort ei formell avvikling av rådet. I rådsmøte i Fjordane interkommunale politiske råd den 9. september vart det orientert om avviklinga og bedt om sak for å drøfte korleis ein kan ivareta interessene som var tiltenkt kystrådet.

#### Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Rådet tek saka til vitande.
2. Rådet ber om at det blir utarbeidd ei sak til rådsmøte frå kommunedirektørane med utgangspunkt i dei innspela som kjem til i rådsmøte.

#### Vedlegg i saka:

23.10.2024	Kunnskapsgrunnlag - Regional plan for kysten 2018	1710628
23.10.2024	Regional strategisk plan for kysten 2018	1710629

### Fjordane interkommunalt politisk råd 04.11.2024:

#### Handsaming:

#### FIPR- 24/054 Vedtak:

1. Rådet tek saka til vitande.
2. Rådet ber om at det blir utarbeidd ei sak til rådsmøte frå kommunedirektørane med utgangspunkt i dei innspela som kjem til i rådsmøte.

#### Saksopplysningar:

I 2018 vart Regional strategisk plan for kysten i Sogn og Fjordane vedteke i fylkestinget. Med ei brei

tilnærming knytt til attraktivitet, folkevekst, besøkande og vekst og berekraft i næringslivet. I samband med denne planen vart det etablert eit kystråd som skal følgje opp satsingane i planen. Den regionale planen og kunnskapsgrunnlaget ligg ved saka som viser potensialet for ei større satsing av kysten.

Florø kommune, no Kinn kommune, var vertskommune og hadde sekretariatsfunksjon for kystrådet. Kystrådet har hatt låg aktivitet med omsyn til kommunereform og endringar i regionrådsstrukturane. Kystrådet hadde 8 medlemskommunar Stad, Selje, Kinn, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Gulen. 7 av desse kommunane er no medlem av Fjordane interkommunale politiske råd og ein ser at dette er ein felles møtestad der ein kan arbeide for det same formålet som var tiltenkt Kystrådet.

Siste valde leiar av Kystrådet var ordførar i Solund kommune. Ordføraren har teke initiativ til å få på plass ei formell avvikling av rådet. Alle medlemskommunane har gitt signal om at ein ønskjer avvikling. I dag har Kinn kommune eit fond på 306.000 kr som er øyremerka Kystrådet. Midlane er eit tilskot frå fylkeskommunen til oppretting og drifta av kystrådet. I avviklingsprosessen har ein drøfta korleis ein skal forvalte midlane slik at det høver med formålet. Pengane vert overført til regionråda som kommunane deltek i. Gulen tek sin andel inn i Region Nordhordland og resten går inn i Region Fjordane. Dette utgjør om lag 265 000 kr som ein ønskjer å øyremerke til kystformål.

Kommunedirektørutvalet hadde i sitt møte den 14. oktober ei drøftings sak knytt til utvikling og samarbeid på kysten. Det kom innspel om at det bør vere mogleg å sjå på det som eit regional næringsutvikling gjennom analyse og strategisk organisering. Noko av det som vart peika på var nye utviklingstrekk knytt til skipstunnel, hydrogrensatsing, basen, reiseliv og cruise. Korleis sikre oss utviklingkraft og ta del i blått kvantesprang med det utgangspunkt til det vi har i dag. Kommunedirektøren i Kinn førebur ein presentasjon til denne saka som utgangspunkt for å drøfte kva for satsing som kan vere aktuelt for regionrådet å arbeide vidare med.



Arkiv: FE-033  
 JournalpostID: 24/43140  
 Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland  
 Hatlenes  
 Dato: 28.10.2024

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/055	Fjordane interkommunalt politisk råd	04.11.2024

### Aktivitet- og handlingsplan 2025

#### Bakgrunn for saka:

Aktivitets- og handlingsplan er ein plan for i det kommande året. Utkastet som er lagt ved er utarbeidd med bakgrunn av innspel av saker frå kommunedirektørnettveket og arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet har drøfta utkastet og ønskjer å legge denne fram for rådet til drøfting.

#### Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Rådet tek planen til vitande og ønskjer at saka blir lagt fram på neste møte der ein har teke omsyn til nye innspel frå rådet.

#### Vedlegg i saka:

28.10.2024	Aktivitetsplan 2024 Region Fjordane	1711367
28.10.2024	Aktivitetsplan 2025 Region Fjordane	1711368
28.10.2024	Utviklingsplan Region Fjordane	1711395

#### Fjordane interkommunalt politisk råd 04.11.2024:

#### Handsaming:

#### FIPR- 24/055 Vedtak:

1. Rådet tek planen til vitande og ønskjer at saka blir lagt fram på neste møte der ein har teke omsyn til nye innspel frå rådet.

**Saksopplysningar:**

Det vart utarbeid ein aktivitetsplan for 2024 som er lagt ved saka som viser til korleis ein planla det regionale samarbeidet i 2024. Ein er på god veg til å kunne sjå at aktivitetane er i samsvar med dei ressursane som ein har lagt inn i samarbeidet for det inneverande året.

Planen tek utgangspunkt i utviklingsplanen som vart utarbeidd i 2022 som grunnlag for intensjon og retning for regionsamarbeidet. Vidare har ein følgd opp arbeidet knytt til kraftstrategi og søknadar som er knytt til prosjektskjønn.

Region Fjordane legg fram ein handling- og aktivitetsplan som legg til grunn at ein får prosjektfinansiering og brukar eigne ressursar til oppfølging og gjennomføring av satsingane. Finansiering vil bli lagt fram i budsjettsaka slik at det er ein samanheng mellom budsjett og handlingsplan for regionsamarbeidet.

**Vurdering:**

	TEMA
Utviklingsplan for Region Fjordane	<b>Kraftstrategi</b>  Arbeid med forprosjekt Følgje opp aktivitetar i forprosjekt Utarbeide ein kommunikasjonsstrategi
	<b>Utvikle det administrative samarbeidet</b>  Etablere framtidretta og berekraftige samarbeid i fagnettverk Prosjektskjønn – Brann og redning Strategisk samarbeid – plan for kysten
	<b>Reiseliv (ny)</b>  Utarbeide eit kunnskapsgrunnlag for rollene i utviklinga av reiseliv
	<b>Regional plan for kysten (ny)</b>  Følgje opp saker som var knytt til kystrådet

**Økonomiske konsekvensar:**

Vert lagt fram i budsjettsak.





**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 24/43190  
**Saksbehandlar:** Elisabeth Birkeland  
Hatlenes  
**Dato:** 28.10.2024

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/056	Fjordane interkommunalt politisk råd	04.11.2024

### Innspel til budsjett 2025

#### Bakgrunn for saka:

Arbeidsutvalet har kome med innspel og gitt i oppdrag å lage eit budsjett med utgangspunkt i aktivitetar som ligg i handling- og aktivitetsplan. Budsjettet vert lagt fram for rådet for innspel og justeringar til neste rådsmøte.

#### Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Rådet tek budsjettet til vitande og ber om å få lagt fram eit nytt budsjett med omsyn til innspela frå rådsmøte.

### Fjordane interkommunalt politisk råd 04.11.2024:

#### Handsaming:

#### FIPR- 24/056 Vedtak:

1. Rådet tek budsjettet til vitande og ber om å få lagt fram eit nytt budsjett med omsyn til innspela frå rådsmøte.

#### Saksopplysningar:

Stad kommune er vertskommune for Fjordane Interkommunale politiske råd og baserer sine inntekter på ein medlemstilskot på 50.000 kr pr kommune. I tillegg til dette vert det gitt eit driftstilskot frå fylkeskommunen på 600.000 kr. Fjordane IPR har i 2024 har hatt ei 50% stilling til å drifte aktivitetane som er knytt til samarbeidet.

Med utgangspunkt i handling- og aktivitetsplan har arbeidsutvalet eit ønske om å legge inn ein 100% ressurs til regionsamarbeidet. Arbeidsutvalet rår rådet til å bruke fondsbuffer for å drifte rådet utan

at det vert ein meirkostnad for kommunane. I tillegg vert det søkt om prosjektskjønn som vil vere med å finansierer delar av stillinga.

Regionrådet har oppspart fond knytt til fylkekommunalt drifttilskot frå 2023 og avvikling av kystrådet. I tillegg til dette ser det ut til å bli eit lite overskot i drifta for 2024. Først ser det ut til at Region Fjordane vil ha eit fond på 685.000 kr som kan brukast som buffer og finansiering av prosjekt.

#### Vurdering:

Budsjettet legg ikkje inn moglege prosjekttilskot og drifta er soleis basert på å bruke fondsmidlane til å auke opp stillingsressurs og aktivitetsnivå. Dersom ein ønskjer eit ytterlegare auke aktivitetsnivået bør ein drøfte om det kommunale bidraget skal vere høgare enn det er satt til i dag.

Budsjettpostar	2024	2024	2025	2025
	Utgifter	Inntekter	Utgifter	Inntekter
Stillingsressurs	500000		1000000	
Driftsavtale vertskommune	75000		75000	
Møteverksemd	150000		150000	
Utgifter knytt til Arendalsveka	0		200000	
Formannskapskonferansen	100000		100000	
Kjøp av tenester	200000			
Profil, kom.strat og heimeside	125000		75000	
Kommunalt bidrag (50.000 pr kommune)		550000		550000
Vestland fylkeskommune		600000		600000
Kompetanseforum		0		50000
Frå fondskonto				400000
	<b>1150000</b>	<b>1150000</b>	<b>1600000</b>	<b>1600000</b>
<b>Fjordane IPR - fondskonto pr. 31.01.24</b>		<b>300000</b>		
<b>Avvikling av kystrådet</b>		<b>265000</b>		
<b>Overført frå drift 2024</b>		<b>120000</b>		
<b>Fondskonto</b>		<b>685000</b>		

#### Økonomiske konsekvensar:

50.000 kr pr kommune som eigenandel til Fjordane IPR.





**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 24/42836  
**Saksbehandlar:** Elisabeth Birkeland  
Hatlenes  
**Dato:** 24.10.2024

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/057	Fjordane interkommunalt politisk råd	04.11.2024

### Cruisetillegg i merkeordninga

#### Bakgrunn for saka:

Kommunane i dei to destinasjonsselskapa Visit Fjordkysten og Sunnfjord og Visit Nordfjord har gjort vedtak om å bli merka som berekraftig reiseliv. Dette er ei sertifisering som har ein standard som må oppfyllest ut frå globale bransjekrav. Standaren fungerer som ei konkret arbeidsliste og har fokus på utviklingsarbeid. Berekraft i reiselivsnæringa er omfattande og har mange konfliktområde og dilemma, både lokalt og nasjonalt.

I tillegg til basisstandardane blir destinasjonsselskapa omfatta av tilleggskriterier fordi ein har cruisereisemål. For reisemål som har cruise ligg det nokre ekstra utfordringar og kriteria som ein må arbeide med.

Kommunane i Nordfjord har teke initiativ til å samordne prosessen knytt til cruisetillegga for dei to destinasjonsselskapa for å sikre samhandling og framdrift.

#### Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Rådet tek saka til vitande og legg til rette for orientering og rapportering av prosess.

#### Fjordane interkommunalt politisk råd 04.11.2024:

#### Handsaming:

#### FIPR- 24/057 Vedtak:

1. Rådet tek saka til vitande og legg til rette for orientering og rapportering av prosess.

**Saksopplysningar:**

Merke for berekraftig reisemål er eit verktøy for reisemål som ønskjer å arbeide langsiktig og er fokusert på berekraft i reiselivet. NOU 2023: 10 *Leve og oppleve – reisemål for en berekraftig framtid* har i si utredning på at det er behov for ei organisering for å sikre god handtering av besøk, forvalte og finansiering av fellesgode. Sertifiseringa er ein standard som vert premiss for å komme i posisjon for finansierings- og utviklingsprosjekt hos finansieringsaktørar.

Visit Nordfjord har to cruisehamner (Stad og Stryn) og Visit Fjordkysten og Sunnfjord har ei cruisehamn (Kinn) og må difor levere på cruisetillegga. Cruisehamnene i Stryn og Kinn er drifta av Nordfjord Hamn IKS og cruisehamna i Stad er privateigd av Port of Nordfjordeid. For å sikre god framdrift og forenkling av denne prosessen har kommunane i Nordfjord (samarbeid i Nordfjord) har tatt initiativ til å ein fellesprosess. I arbeidet har ein hatt ute eit anbod for å løyse denne oppgåva knytt til samordning, prosessuelt, dokumentasjon og etablere ein kultur for å etterleve indikatorane.

Samarbeid i Nordfjord dekkjer utgiftene knytt til dette arbeidet slik at ein kan sikre ressursar og framdrift fram mot sertifiseringstidspunktet. Det har vore noko usikkerheit knytt til kva for cruisekriterier som skal nyttast. Innovasjon Norge har standarden til revisjon og vi ønskjer å nytte Cruisetillegg 2.0. Visit Fjordkysten har som mål om sertifisering 1. mars 2025 og bli automatisk pålagd å bruke den nye versjonen. I Visit Nordfjord har ein hatt som mål om å levere innan 2024 men har teke avgjerla på å levere på nyåret 2025 for at Nordfjord Havn IKS forhold seg til ein versjon av cruisetillegg.

PWC er tildelt arbeidet og har starta opp arbeidet med forankring og detaljplanlegging mellom dei to destinasjonsselskapa og innleigde prosessretteleiarane.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen økonomiske konsekvensar for Fjordane IPR.